



## Molde og omegn lokallag av LOP

### Referat fra medlemsmøte onsdag 16.mars 2016

Stad: Molde Rådhus

Frammøtte: 44

Møtet starta sosialt med ein matbit fra Rådhuskantina.

Leiaren ønskte velkomen og gav fyrst ordet til ordfører Torgeir Dahl .

#### **1. Torgeir Dahl orienterte om Å bli eldre i Molde kommune.**

Han takka fyrst for invitasjonen og peikte mellom anna på at vi som pensjonistar er ei ressursgruppe og inviterte oss inn på den offentlege arena. Frivillige vil vera ein viktig ressurs i framtida i tillegg til det profesjonelle apparatet kommunen rår over.

Tema opptek ordføraren både som politikar og som innbyggjar i Molde. Han peika på eldrebylgja som kjem og at eldre vert eldre.

Eldreomsorg i Molde kommune er krevjande og tenesta er for dårleg. Ressursane vert brukt på andre tenester i kommunen. Slik er eldreomsorga kome i vanry.

Molde eldreråd er viktig som ressurs og korrektiv. Kjell Bugge fra lokallaget vart ønskt velkomen som fast medlem av rådet.

Eldrerådet etterspør tiltak og tenester.

#### **Satsing på eldreomsorgen**

Ordføraren viste til Kostra og samanlikning med kommunar i same kommunegruppe. Molde kommune brukar 60 mill. meir enn gjennomsnittet i gruppa.

Kva er grunnen til at kommunen ikkje lukkast betre? Ei ekstern gruppe la fram analyse i 2014 utan at kommunen vart noko klokare av resultatet dei var komne fram til. Gruppa fann ikkje klare grunnar til kvifor dei ikkje lukkast betre med den satsinga som vart gjort.

Ei intern kommunal gruppe vart så nedsett. Denne fann m.a. ut at sjukeheimsplassar er dyre. Kr 850 – 900 000 pr. år. Tenesteytinga er lagt på dyrast nivå.

Stort press på sjukeheims plassar. Kommunen har større dekningsgrad enn dei ein kan samanlikne seg med. I Molde er tilbodet meir generøst og ein får fleire timar.

Antall sjukeheims plassar vert prioriterte.

### **Omsorgstenesta.**

Kommunen manglar omsorgsboligar. Ei slik teneste krev også meir bemanning.

Helse- og omsorgsplanen, vedtatt i 2014, innebær at eldre skal være «lengst mogleg i eigen bolig». Ein skal ha høve til å bu heime eller i bufellesskap.

Så lenge kommunen ikkje har nok omsorgsboligar, vert det press på sjukeheims plassar. Omsorgsboligar kostar om lag 40% av sjukeheims plassar.

Det er stort press fra pårørande om plass. Dei ynskjer tryggleik for foreldra sine.

### **Spesialisere eldre- og sjukeheimstenesta**

Kirkebakken er korttidsinstitusjon og har akutt døgnteneste.

Samordningsreformen vart ei stor utfordring. Molde kommune har høg sjukepleiedekning noko som er posetivt når det gjeld rehabilitering og utskrivningsklare pasientar fra sjukehuset. Mangel på plassar til å ta imot utskrivningsklare pasientar førte til at ein kom seinare i gang med rehabilitering og kommunen fekk store ekstra utgifter.

Fyrste halvår 2015 var det 1420 ekstra døger på utskrivningsklare pasientar. Kostprisen var kr 4300 pr. døgn så det vart store utgifter for kommunen. Andre halvår var det berre 48 ekstradøger. Kommunen sitt arbeid med å betre logistikken og effektiviteten for mottak gav resultat.

Starten av dette året har byrja dårleg. Dei to fyrste månadene har det vorte 60-70 ekstradøgn. Kommunen er uroa.

### **Planar**

Når krisesenteret i Øvre veg er ferdig, vil ein frigjere 16 plassar i Råkhaugen.

Omsorgsboligane i Godfred Liesplass, Kinobygget, har 23 plassar.

Kommunen har kjøpt Hotel Nobel. Bygget vert gjort om til omsorgsboligar og vil få full bemanning.

Kommunen har kjøpt tomter i Glomstuvegen til å kunne byggje omsorgsboligar.

På Skåla og Kleive er planen å utvide eksisterande teneste.

Astero er interessert i å drifte eit tilbod i nærmiløet.

Med dei prosjekta som er nemnde over ønsker kommunen å sikre verdige tilbod for eldre.

20 år fram i tid vil det verta eit auka behov for sjukeheimssatsing.

Røbekk er nå ein reserve som kommunen ser ein vil ha bruk for etter kvart.

Ordføraren avslutta med å vise til desse viktige og krevjande satsingsområda framover:

- Eldreomsorga
- Sjukehussaka
- Kommuneøkonomien
- Kommunereforma

Spørjerunde/kommentar til ordførar.

Bitten Linge: Kva vil kommunen gjere for å engasjere frivillige?

Ordførar: Nemnde Frivillightssentralen. Kommunen har ikkje gode nok planar . Systemsvikt. Gode intensjonar men manglande oppfølging. Manglar evne og systematikk.

Kjell Bugge: Roste ordføraren for innlegget. Etterlyste holdninger til eldre som ressurs. Understreka kor viktig logistikken var. Det må setjast krav til kvaliteten på eldreomsorga.

Ordførar: Viste til plan for Helse og omsorg. Omfattar alle aldersgrupper. Yngre demente er utfordrande. Roste det arbeidet seniorar gjer frivilleg på ulike arenaer i Molde.Eldre stort sett nøgd med tilbod når dei fyrst får.

Ingar Aas: Synte til tre element for god aktivisering i omsorgssamanheng: Omsorgssentral – Frivillighet – Kultur. Viktig med likeverdige tilbod kvar ein bur i kommunen. Eldre sitt eige kultursenter.

Ordførar: Viste m.a. til Kulturskolen, Moldebadet og Plassen som eldrearena.

Leiaren overrekte ordføraren blommar som takk for engasjert innlegg.

Så vart representant fra Fylkesmannen, Ann Lilly Inderhaug Orvik, ønskt velkommen. Ho er leiar for justis- og beredskapsavdelinga der.

## 2. Korttema: Framtidsfullmakt – kva er det?

Ho ville gjennom presentasjonen gi ei kort innføring i ulike aktuelle område. Presentasjonen ville ikkje gå i djupna.

- **Bli verje.**

Fylkesmannen tok over denne funksjonen i 2013. Til då hadde kommunane ansvaret.

Verjemål sikrar retten til mindreårige og vaksne som ikkje kan handle på eigen hand. Skal gi ei hjelpande hand. Dei det gjeld vert ikkje umyndiggjorte.

- **Vilkår**

- Medisinsk tilstand
- Ikkje kunne ivareta eigne interesser
- Behov – demens, alvorleg rus-og speleavhengige, psykisk utv.hemma.

Ein treng samtykke fra den det gjeld.

Verje kan vera : Nære pårørande, profesjonelle som m.a. pensjonerte juristar/advokatar på frivilleg basis.

Fylkesmannen er tilsynsorgan.

- **Privatrettsleg alternativ**

1. Legalfullmakt (V.m.lov §94)

Fullmakt til nære om f.eks. å betale regningar

Barn av demente kan håndtere økonomi uten å skrive fullmakt for ein kortare periode. Gjeld ikkje sal av hus eller forskott på arv

2. Framtidsfullmakt ( V.m. lov § 10)

- vert oppretta for å kunne nyttast etter fullmaktsgjevar har fått sviktande mental helse.

- Ved medisinske vilkår: sinnsliding, demens og svekka helsetilstand.

- Privat avtale som alternativ til off. verjemålsstilling

- Fylkesmannen kan stadfeste om ordninga har trått i kraft.

Er ein tvil om ein er frisk bør ein skaffe legeattest.

- **Formkrav**

- Peike ut fullmektig. Angi person
- Same formkrav som ved oppsett av testamente
- Skriftleg framstilling skal vera så konkret som mogleg
- Avgrensa i tid og omfang

- Korleis dette skal vera kan ein finne nærare utgreidd på adressa [www.verjemål.no](http://www.verjemål.no) (verjemålsportalen)
  - Sjølvstenderett
  - Ønske til den som skriv fullmakt skal leggjast til grunn.
  - Lengden på fullmakta
  - Fullmektig må vera klar over at ein har fått oppgåva
- **Verjemålsportalen**
  - «Vil du bli verje?» - Eigen brosjyre. Var tilgjengeleg på møtet.
  - [www.fylkesmannen.no/mr/](http://www.fylkesmannen.no/mr/)

Dersom det er spørsmål til dette kan ein ringe fylkesmannen.

Leiaren overrakt og blomar som takk for god innføring i eit viktig tema.

### **3. Nytt fra Molde eldreråd v/ Kjell Bugge**

Mykje tall og namn så langt.

Ønsker saker med innhold og kvalitet.

Minna om Eldredagen 4.10.16. oppfordra medlemmene til å bli med.

### **4. Nytt fra LOP ved leiar.**

Viste til Medlemsbladet.

Minte om vårturen til Rossvang gård på Rydjord 11.05.16. Ikkje 25.

Nærare orientering fylgjer seinare.

**Møtet slutta kl. 1500**

**Morten Lerø**

**Skrivar**